

# Nominasjonsmøte og årsmøte, Sunnfjord Venstre

**Førde Rådhus 20. januar 2019 kl. 17.00 - 20.00**

## **Sakliste:**

1. Godkjenning av innkalling, sakliste og medlemene sine rettar i møtet
2. Konstituering
  - Val av:
    - Møteleiar
    - Møtereferent
    - Teljekorps
    - Redaksjonskomité
    - To personar til å skrive under protokollen
3. Nominasjon til kommunelista for Sunnfjord Venstre 2019
4. Årsmelding 2018
5. Rekneskap 2018
6. Arbeidsprogram for Sunnfjord Venstre 2019
7. Medlemskontingent 2020
8. Budsjett for Sunnfjord Venstre 2019
9. Fråsegner
- 10.Val
  - Leiar (1 år)
  - To styremedlemer (2 år)
  - Ein i styret skal ha kasserarverv
  - 1.-3. varamedlem (1 år)
  - Eit medlem i valkomiteen
- 11.Val av åtte utsendingar med vara til årsmøte i Sogn og Fjordane Venstre og Vestland Venstre på Skei 2.-3. februar.

## **1. Godkjenning av innkalling, sakliste og medlemene sine rettar i møtet**

Innkalling og sakliste til årsmøte og nominasjonsmøte vart sendt til medlemene 16. desember.

**Framlegg til vedtak:** Innkalling og sakliste blir godkjent. Medlemer som har betalt kontingenten 2018 eller nye medlemer som har betalt kontingenten i 2019 har fulle rettar i årsmøtet og nominasjonsmøtet.

## **2. Konstituering**

Val av:

- Møteleiar
- Møtereferent
- Teljekorps
- Redaksjonskomité
- To personar til å skrive under protokollen

## **3. Nominasjon til kommunelista for Sunnfjord Venstre 2019**

Nominasjonsnemnda sitt forslag til kommuneliste for Sunnfjord Venstre til kommunevalet 2019 ligg på nettsida til Sunnfjord Venstre, og blir presentert under møtet.

**Framlegg til vedtak:** Kommuneliste for Sunnfjord Venstre 2019 blir vedtatt.

## 4. Årsmelding 2018

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmelding 2018.

# Årsmelding Sunnfjord Venstre 2018

### Innleiing:

Sunnfjord Venstre vart skipa 1. februar 2018 etter vedtak i dei tre aktive lokallaga i det som skal bli Sunnfjord kommune, Naustdal Venstre, Jølster Venstre og Førde Venstre.

Styret og gruppene i dei tre kommunestyra der vi har folkevalde, Naustdal, Jølster og Førde, har hatt eit svært aktivt år, med høgt aktivitetsnivå og stor innsats.

Konsolidering av det nye lokallaget, medlemsmøte, synleggjeringsarbeid og arbeid fram mot kommunevalet i 2019 har vore dei viktigaste sakene i styret. I tillegg har lokallaget bidratt aktivt til politikkkutforminga både på fylkesplan, i det nye fylkeslaget Vestland Venstre og nasjonalt.

### Styrearbeidet:

Styret har sidan skipingsmøtet 1. februar 2018 hatt ti møte. Under seks av møta har kommunestyregruppene i Jølster, Førde og Naustdal delteke på delar av møtet.

Styret har vore samansett slik:

**Leiar:** Åge Avedal

**Nestleiar:** Vigdis Tonning

**Styremedlem:** Eivind Standal Husabø

**Styremedlem:** Anne-Mette Hjelle

**Styremedlem:** Birgit Tansøy

**1. varamedlem og kasserar:** Halfdan Brandtzæg

**2. varamedlem:** Ole-Magnus Kapstad

**3. varamedlem:** Kurt Hafstad

**Revisorar:** Jan Haarklau, Knut Gunnar Fonn.

**Valnemnd:** Jan Taule (leiar), Oddvar Svidal, Hildegunn Risnes Gjelsvik.

Styret har sett ned to grupper til å førebu kommunevalet 2019:

**Nominasjonsnemnd:** Eivind Standal Husabø (leiar), Maghild Runde, Anne-Mette Hjelle, Oddvar Svidal.

**Programnemnd:** Elisabeth Kjerstad Bøe, Gunn Merete Paulsen, Anne-Mette Hjelle, Åge Avedal.

### Medlemstal og medlemsaktivitetar:

Sunnfjord Venstre hadde i 2018 **53 medlemmer**. Styret har invitert medlemene til fire medlemsmøte i 2018. På medlemsmøtet i juli deltok partileiar Trine Skei Grande.

Styret har informert medlemene om aktivitetar i laget og viktige saker gjennom e-post om lag kvar månad, samt intern gruppe på Facebook. Styret gjennomførte ei ringerunde til medlemene på våren.

### **Utsendingar:**

På fylkesårsmøtet i Florø 10.-11. februar, møtte Eivind Standal Husabø og Magnhild Runde for Naustdal Venstre, Vigdis Tonning, Atle Hamar og Birgit Tansøy for Jølster Venstre og Anne Mette Hjelle, Gunn Merete Paulsen og Halfdan Brandtzæg for Førde Venstre.

Under Lokalpolitisk nettverk i Bergen 22.-24. juni møtte Judith Kapstad, Vigdis Tonning, Elias Slåtten, Frank Rødal, Anne-Mette Hjelle og Åge Avedal frå Sunnfjord Venstre.

Åge Avedal og Frank Rødal deltok på Venstre sin Landskonferanse i Oslo 20.-21. oktober.

Under nominasjonsmøtet og Lokalpolitisk nettverk for Vestland Venstre i Førde 10.-11. november deltok Vigdis Tonning, Elias Slåtten, Judith Kapstad, Atle Hamar, Ole-Magnus Kapstad, Åge Avedal, Eivind Husabø, Anne-Mette Hjelle og Gunn Merete Paulsen frå Sunnfjord Venstre.

### **Opne møte og synleggjering:**

Sunnfjord Venstre har invitert til to opne møte i 2018.

4. juni inviterte vi til «Pils og politikk» på Sunnfjord Hotell med temaet Veg i Sunnfjord. Jon Gunnes, Stortingsrepresentant og medlem i Kommunikasjons- og transportkomiteen, Gunhild Berge Stang, fylkesutvalet og Hovudutval for samferdsle, Arve Seger, prosjektleiar for Førdepakken og Gunn Merete Paulsen, Førde bystyre, deltok som innleiarar. I forkant av møtet deltok Jon Gunnes på synfaring og møte om vegar i regionen.

6. juli inviterte Sunnfjord Venstre til «Møt kulturministeren» på Pikant i Førde. Innleiarar var Jan Heggheim, fylkesdirektør for næring og kultur, Arve Sandal, prosjektleiar for Nynorskens Hus og kulturminister Trine Skei Grande. Det var godt oppmøte på arrangementet og god synleggjering av Venstre under Førdefestivalen.

Sunnfjord Venstre hadde stand på Elvetorget 27. oktober, med deltaking frå m.a. dei to toppkandidatane til kommunevalet, Atle Hamar og Gunn Merete Paulsen.

Styret og dei folkevalde har jobba aktivt med å synleggjere og fronte Venstre sin politikk gjennom lesarinnlegg, utspel og pressemeldingar til lokalmedia, primært Firda. Vi har hatt ein del medieomtale både kring skipingsmøtet, nominasjonsmøte del 1 i oktober og i lokalpolitiske saker.

Styret har brukt Facebooksida Sunnfjord Venstre aktivt til å fronte lokale saker og arrangement i laget. Vi har brukt midlar på sponing av innlegg og arrangement på Facebook. I desember gjorde vi ein stor jobb med adventskalenderen **#frivilligisunnfjord** der vi trekte fram og løfta dei frivillige i nye Sunnfjord kommune.

## **Politiske saker:**

Kommunestyregruppene har laga egne oppsummeringar som de finn på dei neste sidene i årsmeldinga.

Styret har jobba med å løfte fleire saker både lokalt, på fylkesnivå og nasjonalt. Under skipingsmøtet i februar vart det vedteke fråsegner om distriktspolitikk, fjorddeponi, Campus Førde, rett til å ta med arbeidsplassen heim, Høgskulen på Vestlandet, tryggare veg utan rasfare og om E39. Nokre av fråsegnene vart sendt inn til årsmøtet i fylkeslaget, andre har blitt brukt som lesarinnlegg og i påverknadsarbeid på ulike nivå.

Styret har sendt innspel, påverka og markert oss på fylkesnivå og nasjonalt opp mot m.a. statsbudsjettet 2019, programarbeid for Vestland Venstre og Venstre sitt arbeid med prinsippprogram.

## **Økonomi:**

Ved skipinga av Sunnfjord Venstre 1. februar hadde vi ein eigenkapital på kr 67 743, som var midlar frå Jølster Venstre, Førde Venstre og Naustdal Venstre. Gjennom året har vi fått inntekter på kr 41 212, der kr 41 176 er tilskot frå Venstre sitt studieforbund, og partistøtte via Fylkesmannen, Førde kommune og Jølster kommune.

Overskotet i 2018 var på kr 5553, og ny eigenkapital ved årsskiftet var på kr 73 296.

*Styret i Sunnfjord Venstre*

## Melding frå gruppa i Naustdal kommune

Her kjem ei kort oppsummering av dei viktigaste sakene i Naustdal kommunestyre 2018.

På februar møtet handsama ein saka om institusjonsplassar og bueningar med Naustdal alders og sjukeheim. Einstemmig i høve til å omdisponere rom ved NAS slik at ein kan få redusert bruken av dobbeltrom.

April: Kommunedelplan sentrum med blant anna tema som trafikktrygging og utvikling av Sanden området med plass til parkering, bubilar, kulturbygg mm... Planen einstemmig vedteken.

Juni: Mineralstrategi for Naustdal kommune. Kommunestyret var splitta i saka då fleire parti (inkludert Venstre) meinte at planen ikkje var utfyllande nok i høve mål om berekraftig næringsverksemd, endra føresetnader for gruvedrift på Engebø og om planen stiller gode nok krav i høve til samfunnsøkonomi. Det kom framlegg om utsetjing av saka, men dette vart nedstemt og planen vart vedteken med 12 mot 9 røyster.

Juni: Innsamling av plastavfall i SUM kommunane. Etter interpellasjon frå Venstre i oktober 2017 handsama kommunestyret saka om plastinnsamling i SUM kommunane på junimøtet. Det vart einstemmig vedteke i kommunestyret at ein skulle oversende ei oppmoding til Sunnfjord Miljøverk om å få etablert ei ordning for innsamling av plast i SUM kommunane. Som vi veit er dette tiltaket no etablert. Denne saka vart ein seier for Venstre som vi må vere flinke å ta æra for. SV kom med eit tilleggforslag i høve til heimekompostering og vårorganisk avfall.

Desember: den økonomiske stoda i kommunen ser ikkje så verst ut. Budsjettkontroll i september syner eit samla avvik på 1,5 mill. Mesteparten av avviket skuldast uforutsette utgifter til vintervedlikehald. På desembermøtet kom Høgre, Venstre og KrF med ein protokolltilførsel i høve investeringar der ein ynskjer å ta midlar frå NBU/Naustdalshallen og omdisponere desse til frivilligsentralen, ungdomsrådet, trafikktrygging, asfaltering og barnehage / kulturbygg.

Av generelle ting som ikkje er nemnt her kan ein ta med at arbeidet med å realisere Friskhuset i Naustdal blir sett på vent til den nye kommunen er etablert. Mykje arbeid står igjen med trafikktrygging. Det er fortsatt mange trafikkkfeller fleire stader i kommunen. Kontrollutvalet i kommunen peikar også på branntrygging i bustadfeltet i sentrum aust. Det kommunale vassverket har ikkje den kapasiteten dei skal ha.

Eivind Standal Husabø

- gruppeleiar for Venstre i Naustdal kommune –

## Melding frå gruppa i Jølster kommune

Første halvår i 2018 var varaordførar Jacob Andre Sandal konstituert som ordførar mens Oddmund Klakegg hadde farspermisjonen.

Året har vore prega av «kampen om hallar og problem med økonomiplanar i balanse». Fleirtalet i kommunestyret har hatt ein plan om at hallar skal realiserast uansett og har sett alt inn på det.

Administrasjonen ved rådmann har gjort sitt beste for å opplyse og dokumentere realisme i økonomien. Vi har fått gjentekne orienteringar frå starten av året om utfordringar i drifta og påtenkte investeringar, og vi har hatt politikardag i mars der både politikare og tilsette jobba saman i gruppe og la fram løysingar for diskusjon. Men fleirtalet i kommunestyret har hatt ei oppfatning av korleis «ting skal gjerast» som verken administrasjon eller gruppearbeid frå politikardag har endra.

Sjølve organiseringa med arbeidsgrupper for hallane, Skei og Vassenden, der idrettslaget er med, har og vist seg å vere eit vanskeleg samspel mellom politikare og administrasjonen.

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidsgruppene som vart sett ned av kommunestyret. Her hadde og fleirtalet ved SP, AP og Høgre sterke føringar for korleis desse arbeidsgruppene skulle vere. Når det gjeld arbeidsgruppa for Vassenden, så har denne gruppa skreve møteinnkallingar og møtereferat som er offentlege, mens arbeidsgruppa for Skei ikkje har gjort det. Det har difor vore vanskeleg å følgje med i korleis arbeidsgruppa for hall på Skei har jobba. I løpet av året vart begge hallar lagt ut på Doffin, og resultatet kjenner vi ikkje enda på korleis resultat av anbod og kontraktskriving går. Dette er det administrasjonen i Jølster kommune som jobbar med no.

Administrasjonen tilrådde i økonomiplanen å ta ut begge hallane av investeringsbudsjettet, men fleirtalet i kommunestyret vedtok å ta begge hallane inn og laga ein økonomiplan i balanse som vart vedteken mot stemmene frå Venstre og SV .

Vi har og ei motsegn frå Fylkesmannen ved Vassenden skule som går på areal og plass nok til elevane. Dette har vi ikkje fått avklaring på enda.

Konklusjon, dette arbeidsåret for Jølster Venstre har vore eit år vi har jobba i sterk motvind, ofte aleine, men vi har støtta oss på administrasjonen og rådmann sine tilrådingar, men vorte stemt ned. På siste møte før jul vart vi på lag saman med SV mot resten.

Judith Kapstad  
- gruppeleiar for Venstre i Jølster kommune -

## Melding frå gruppa i Førde kommune

Bystyret i Førde har sidan forrige årsmøte i Sunnfjord Venstre hatt 9 møte. For Venstre har desse møtt: Jan Taule(7), Gunn Merete Paulsen(7), Kurt Hafstad(2) og Åge Avedal(2).

Viktige saker i 2018:

**Konstituering av ny rådmann:** Lise Marie Haugen vart valt til ny rådmann i Førde kommune av bystyret 15.2. Ho vert rådmann fram til den nye Sunnfjord kommune 1.01.2020.

### Plansaker:

- Sunde skule, utviding og ombygging
- Regional plan for klimaomstilling, høyring
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030
- Barnehageplan

### Økonomiplan 2019-2022:

- Halbrend skule - hall: vurdert fullfinansiert i 2020
- Det vert sett av 1,0 mill. kr til planlegging av institusjon/omsorgsbustader(Krf, V, Frp)

### Sentrumsstrategi:

- Sentrumsstrategien blir tatt til vitande.
- 4 viktige byutviklingstiltak utgreiast som del av neste kommunale planstrategi:
  - 1) Plan for utvikling av kollektivterminalen i sentrum
  - 2) Sentrumsplan som fastset arealbruk, rom- og linjeføring og krav til uteopphaldsareal m.m.
  - 3) Handlingsplan for aktivisering av offentlege rom
  - 4) Innføring av parkeringsordning i Førde

### Førdepakken:

- Tiltak 1 - ny fv. Angedalsvegen-Hafstadvegen m/ny bru over Jølstra. Alt. 2 og alt. 4 skal utgreiast vidare. Venstre gjekk for alt. 4 (ikkje over fotballbana).

### Interkommunal hall på Skei:

- Venstre støtta ikkje forslag til å bruke «ordninga med interkommunale spelemidlar» får å realisere fotballhall på Skei. KrF/V hadde dette forslaget: «Førde kommune er positiv til at det vert bygd ein fleirbrukshall på Skei, og at ein søker om spelemidlar til dette». Framlegget fekk 10 røyster (KrF, V, MDG, SV, to H).

### Fossesenteret i Gaular:

- Forslag frå KrF/V: «Bystyret er positiv til realisering av Fossesenteret ved Nasjonal Turistveg på Gaularfjellet, og støttar søknaden med kr 1 mill. som omsøkt frå Førde kommune». Samrøystes vedteke.

### Symjebasseng i Førdehuset:

- Søknad til KUD om å bruke særskild interkommunal tilskotsordning til utbygging av symjeanlegget v/Førdehuset. Ber Jølster og Nausdal kommunar gjere det same. Samrøystes vedteke.

### Årsbudsjet:

- Fellesframlegg(som fekk fleirtal) frå H, SP, KrF og V på:
  - 1) Forskotering hall på Halbrend: Kr 200 000,-
  - 2) Distriktsmusikar folkemusikk: Kr 189 000,-



- 3) Driftskostnad ny kulturskule: Kr 250 000,-
  - 4) Førde barneskule, uteområde: Kr 100 000,-
  - 5) Allmennsoge Førde kommune: Kr 1 000 000,-
- Framlegg frå Venstre(samrøystes vedtekne):
    - 1) Plan for digitale verktoy i skulane i Sunnfjord kommune i sb. med øk.plan 2020-2024
    - 2) Utgreiing om behov for ressursar til planarbeid i Førde kommune innan utg. mars.

#### **Kulturprisen 2018:**

- Vart tildelt Hilde Bjørkum.

#### **Interpellasjonar frå Venstre:**

- Om «Politikk for frivilligheit» ved Åge: Ordføraren svara, og det vart også røysta over følgjande framlegg frå Venstre - samrøystes:  
«Bystyret i Førde ser alt det frivillige arbeidet som blir lagt ned som svært viktig for både fritidstilbod, velferd og utvikling av regionen. Bystyret bed representantane i fellesnemnda for Sunnfjord kommune om å løfte politikk for frivilligheita inn som ei viktig satsing i den nye kommunen».(mars)
- Om «forbod mot sal av heliumballongar» v/Gunn Merete. MDG hadde også interpellasjon om same sak. Saka vart realitetshandsama og ordføraren svara. Dette vart vedteke:
  1. "Førde kommune oppmodar om at det ikkje blir seld eller delt ut heliumballongar i kommunen.
  2. Førde kommune vedtek forbod mot sal eller utdeling av heliumballongar på kommunal grunn frå 15. mai 2018, så lenge dette ikkje er i strid med allereie gitte løyve.
  3. Rådmannen får i oppgåve å ta opp spørsmålet om sal og utdeling av heliumballongar ved rullering av politivedtektene.
  4. Spørsmålet om plastforureining vert handsama i interkommunal plan for klimaomstilling." (april)

#### **Grunngjevne spørsmål frå Venstre:**

- Sogn & Fj.FK har sett av 5,5 mill. kr kvart år til enkle fysiske tiltak for gåande og syklende i ti sentrumsområda i fylket (etter ininitiativ frå Venstre). Har Førde kommune søkt på desse midlane, og i tilfelle til kva prosjekt?  
Svar frå ordførar: Førde kommune har søkt om og fått kr 300 000 til «enkle fysiske tiltak» (sykkelparkering) og fått kr 300 000,- til sykkelbod/utstyr (oktober).

Jan Taule

- Gruppeleiar for Venstre i Førde

## 5. Rekneskap 2018

Rekneskapet har blitt ført av Halfdan Brandtzæg, 1. vara og kasserar. Revisorar har vore Jan Haarklau og Knut Gunnar Fonn. Revisormelding blir lagt fram på årsmøtet.

**Framlegg til vedtak:** Årsmøtet godkjenner rekneskap 2018.

### Rekneskap Sunnfjord Venstre 2018

Konto	Inngående saldo 01.02.2018	Utgående saldo 31.12.2018	
3703.20.16082	33 602,97	45 258,88	
3700.30.81576	30 445,41	24 340,69	
3841.07.10282	3 694,71	3 696,71	
<b>Sum</b>	<b>67 743,09</b>	<b>73 296,28</b>	<b>5 553,19</b>
			5553,19
	Inntekter	Kostnader	
Rentar	37,00		
Tilskot	41 175,63		
Annonsar		3 738,00	
Materiell		750,00	
Reiser		7 055,94	
Møte		23 942,50	
Bankgebyr		74,00	
Anna		99,00	
<b>Sum</b>	<b>41 212,63</b>	<b>35 659,44</b>	<b>5553,19</b>

## 6. Arbeidsprogram for Sunnfjord Venstre 2019

**Framlegg til vedtak:** Årsmøtet vedtek arbeidsprogram 2019.

### Arbeidsprogram for Sunnfjord Venstre 2019

- Gjennomføre eit aktiv valkamp til kommune- og fylkestingvalet 2019.
- Utarbeide valprogram for Sunnfjord Venstre 2020-2023 og invitere til brei deltaking i dette arbeidet.
- Jobbe for at Sunnfjord Venstre får god representasjon og makt i nye Sunnfjord kommune.
- Delta på aktuelle arenaer i fylket og nasjonalt for å påverke og bygge kunnskap og organisasjon.
- Bistå partigruppene i kommunestyra i Førde, Naustdal og Jølster.
- Ta aktiv del i politikktutforming i partiet og samfunnet elles.
- Vere aktiv i det offentlege ordskiftet.
- Arbeide med medlemsrekruttering med mål om minst ti nye medlemmer i lokallaget.
- Styrke kontakten med medlemene i lokallaget gjennom informasjonsarbeid, invitasjon til å medverke og direkte kontakt.
- Arrangere minst to medlemsmøte.
- Arrangere minst to opne møte.

## 7. Medlemskontingent 2020

Medlemskontingent for 2019 vart vedtatt av årsmøtet i 2017.

**Framlegg til vedtak:** Sunnfjord Venstre følgjer Venstres hovudorganisasjon sine forslag til kontingent for lokallag.

## 8. Budsjett for Sunnfjord Venstre 2019

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett 2019.

### Budsjett Sunnfjord Venstre 2019

	Inntekter	Kostnader
Tilskot	40 000,00	
Medlemskontingent (2018)	3 000,00	
Annonser (Facebook / avis)		15 000,00
Valkampmateriell mm.		22 000,00
Reiser		10 000,00
Møte		20 000,00
Stand og arrangement		5 000,00
Anna		1 000,00
<b>Sum</b>	<b>43 000,00</b>	<b>73 000,00</b>
<b>Underskot:</b>		<b>30 000,00</b>

## 9. Fråsegner

Forslag til fråsegner frå styret og medlemene blir lagt fram på møtet.

**Framlegg til vedtak:** Årsmøtet vedtek følgjande fråsegner: XXX

## 10. Val

### Valnemnda si innstilling:

Leiar (1 år): Åge Avedal (attval)

Styremedlem (2 år): Birgit Tansøy (attval)

Styremedlem (2 år): Ole Magnus Kapstad (ny)

Styremedlemer (ikkje på val): Vigdis Tonning, Eivind Standal Husabø

1. varamedlem (1 år): Anne-Mette Hjelle (ny)

2. varamedlem (1 år): Kurt Hafstad (attval)

3. varamedlem (1 år): Sirianne Svindland (ny)

4. varamedlem (1 år): Berit Ekerbakke (ny)

Medlem i valkomiteen (2 år): *Blir lagt fram på årsmøtet.*

## **11. Val av åtte utsendingar med vara til årsmøte i Sogn og Fjordane Venstre og Vestland Venstre på Skei 2.-3. februar.**

### **Styret sitt forslag:**

Utsendingar: Eivind Standal Husabø, Vigdis Tønning, Judith Kapstad, Kurt Hafstad, xxx (resten blir lagt fram på møtet).

Vara: